

## Skattkista

Ina, Sam og Kanon-farfar er ved ei raud, gammal hytte.

Kanon-farfar tørkar ei tåre.

«Eg har ikkje vore her sidan eg var liten,» snufsar han.

«Hadde de hytte her på sjørøvarøya?» spør Ina.

«Det er vel ikkje eigentleg ei sjørøvarøy,» kviskrar Kanon-farfar.

«Har du lurt oss?» seier Ina.

«Eg hadde så lyst til å reise tilbake hit,» seier Kanon-farfar.

«Kva med den magiske skatten?» seier Sam.

«Skatten ligg rett under foten min,» svarer Kanon-farfar.

Han tek ein spade og begynner å grave.

KLUNK! Spaden treffer på noko hardt.

Det er ei ... SKATTKISTE!

«Vi er rike!» jublar Kanon-farfar.

Brått dukkar Pirat-Jonny opp.

Han har ein diger krutlapp-pistol i handa.

«Få den skattkista!» roper han.

Han ser heilt galen ut. Dei gir han kista.

«De må gå planken!» seier Pirat-Jonny.

Sam, Ina og Kanon-farfar kan sjå planken der ute på skuta.

«UT DIT! ALLE SAMAN! NO!» hylar Pirat-Jonny.

«OG HOPP UTI!»

Sam står først. Han løftar foten.

Under han er det iskalde vatnet.



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 80.

Gjer oppgåvene 1, 2, 6 og 7.